

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	1482
Land:	Irak
Kilde:	Landinfo
Titel:	Temanotat, Irak, Situasjonen for LHBTIQ-personar
Udgivet:	11. oktober 2022
Optaget på baggrundsmaterialet:	14. december 2022



LANDINFO

Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon

Temanotat

Irak

Situasjonen for LHBTIQ-personar

11. oktober 2022



© Landinfo 2022

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med Landinfo er enhver eksemplarfremstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov.

Alle henvendelser om Landinfos rapporter kan rettes til:

Landinfo
Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon

Fredrik Selmers vei 6
Postboks 2098 Vika
0125 Oslo
Tel: 23 30 94 70
E-post: landinfo@landinfo.no
www.landinfo.no

Om Landinfos temanotat

Utlendingsforvaltninga si fageining for landinformasjon (Landinfo) innhentar og analyserer informasjon om samfunnsforhold og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet har behov for kunnskap om.

Landinfos temanotat er basert på opplysningar frå nøye utvalde informasjonskjelder, og kan bygge på både skriftleg og munnleg kjeldemateriale. Opplysningane er behandla i samsvar med [anerkjende kvalitetskriterium](#) for landinformasjon og [Landinfo sine retningslinjer for kjelde- og informasjonsanalyse](#).

Temanotata bygger på både skriftleg og munnleg kjeldemateriale. Ein del av informasjonen som blir formidla, er innhenta gjennom samtalar med kjelder på informasjonsinnhentingstreiser. Landinfo strever for breidde i kjeldetilfanget, og innhentar, så langt det er mogleg, informasjon frå kjelder som arbeider uavhengig av kvarandre. Alt kjeldemateriale som er brukt er fortløpande referert i temanotata. Omsyn til einskilde kjelders ønske om anonymitet er ivaretatt.

Notata gir ikkje eit uttømmmande bilete av temaa som blir undersøkt, men belyser problemstillingar som er relevante for UDIs og UNEs behandling av utlendingssaker.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som presenterast kan ikkje bli tatt til inntekt for eit bestemt syn på kva praksis bør være i utlendingsforvaltninga si behandling av søknadar. Landinfo sine temanotat gir heller ikkje uttrykk for norske myndigheiter sitt syn på dei omtalte landa og forholda.

About Landinfo's reports

The Norwegian Country of Origin Information Centre, Landinfo, is an independent body within the Norwegian Immigration Authorities. Landinfo provides country of origin information (COI) to the Norwegian Directorate of Immigration (Utlendingsdirektoratet – UDI), the Immigration Appeals Board (Utlendingsnemnda – UNE) and the Norwegian Ministry of Justice and Public Security.

Reports produced by Landinfo are based on information from carefully selected sources. The information is collected and analysed in accordance with [common methodology for processing COI](#) and [Landinfo's internal guidelines on source and information analysis](#).

To ensure balanced reports, efforts are made to obtain information from a wide range of sources. Many of our reports draw on findings and interviews conducted on fact-finding missions. All sources used are referenced. Sources hesitant to provide information to be cited in a public report have retained anonymity.

The reports do not provide exhaustive overviews of topics or themes, but cover aspects relevant for the processing of asylum and residency cases.

Country of Origin Information presented in Landinfo's reports does not contain policy recommendations nor does it reflect official Norwegian views.

Summary

The report deals with the situation of LGBTIQ people in Iraq, including the semi-autonomous Kurdistan province. In Iraq, there is a widely held perception that LGBTIQ people suffer from mental illness, contradict human nature and religious values, and that their lifestyles are a product of western influences. Those who challenge the limits of what society defines as feminine or masculine, could risk becoming targets of violence and murder. The prevailing views on gender and sexuality must be seen in relation to Iraq's turbulent history, where decades of instability, war, lack of sovereignty, and political fragmentation have paved the way for deep socio-political and ethnic tensions.

The report investigates which sanctions LGBTIQ people risk facing from public authorities, security providers / militia groups, as well as their own families. It sheds light on the phenomenon of digital violence and explores the situation of the civil society actors who strive for LHBTIQ rights.

Samandrag

Notatet tar for seg situasjonen for LHBTIQ-personar i Irak, inkludert Kurdistan-regionen. I Irak finst det eit utbreidd syn om at LHBTIQ-personar lir av mental forvirring, strid i mot menneskeleg natur og religiøse verdiar, og at deira livsstil er eit resultat av vestleg påverknad. Dei som overskrid grensene for det majoritets-samfunnet definerer som feminint og maskulint, kan i verste fall bli mål for vald og drap. Dei rådande syna på kjønn og seksualitet må bli sett i samanheng med landet si turbulente historie, der tiår med ustabilitet, krig, manglande stats-suverenitet og politisk fragmentering har lagt grunnlaget for djupe sosiopolitiske og etniske spenningar.

Notatet undersøker kva sanksjonar LHBTIQ-personar risikerer å møte frå offentlege myndigheiter, sikkerheitsleverandørar/militsgrupper og deira egne familiar. Det diskuterer også fenomenet digital vald, og undersøker situasjonen for sivilsamfunnsaktørane som arbeidar for LHBTIQ-rettar.

Innhold

1	Innleiing	6
1.1	Kjelder og etiske vurderingar	6
1.2	LHBTIQ: Ei omgrepsavklaring	7
2	Kjønn og seksualitet i ein fragmentert stat	8
2.1	Kjønnsroller i endring	8
2.2	Politisk fragmentering og tradisjonisering av samfunnet	9
2.3	Ein veksande militiskultur	10
3	Sanksjonar frå offentlege myndigheiter	11
3.1	Forsamlingsforbod	12
3.2	Straffereduksjon for vald i nære relasjonar	12
3.3	Ulovlege arrestasjonar, seksualisert vald og frykt for politiet.....	13
3.4	Mot forbod mot homofili?	13
4	Sanksjonar frå militsgrupper	14
4.1	Etter PMU: Meir kustus, men valden held fram.....	15
4.2	Overlappande roller	16
4.3	Kven og kvar er offera?	17
5	Sanksjonar frå familie og slekt	17
5.1	Sosial kontroll.....	18
6	Digital vald og upressing	19
7	Sivilsamfunn og LHBTIQ-aktivisme	20
8	Referansar	22

1 Innleiing

8. juli 2022 kunngjorde Iraks Parlamentariske juridiske utval at ei rørsle internt i parlamentet var i ferd med å sanke stemmar for å lovfeste eit forbod mot homofili (*al-mithliyya*) (al-Hajj 2022). Ifølgje komitémedlem 'Arif al-Hamami var det eit fleirtal blant ministarane for å forby «homofili og avvika som heng saman med det» (al-Hajj 2022).

Sjølv om homofili i skrivande stund ikkje er forbode ved lov i Irak, har rettsvesenet lenge straffa LHBTIQ-personar ved bruk av vage vedtekter som forbyr «offentleg usømmeleg» åtferd (sjå under). I tillegg har politikarar og religiøse autoritetar retta tung retorisk skyts mot LHBTIQ-personar, og såleis bidrege til å gjere dei sårbare for trugslar og vald frå militsgrupper (al-Rubaie 2022; HRW & IraQueer 2022). I mai 2022 sa den politiske og religiøse leiaren Muqtada al-Sadr til sine nærare to millionar følgjarar på Twitter, at homofile måtte omvende seg eller bli utsletta av Gud. Han tok også til orde for å lansere ein eigen dag mot homofili.¹

Uavhengig av om lovforslaget blir implementert eller ikkje, er det grunn til å tru at liva til LHBTIQ-personar vil halde fram med å vere prega av manglande rettsvern, og frykt for å bli eksponerte og ramma av vald. I dette temanotatet gir Landinfo ei oppdatering av situasjonen for LHBTIQ-personar i Irak inkludert den semi-autonome Kurdistan-regionen (KRI) i nord. Notatet ser nærare på følgjande:

- Korleis lovverket og offentlege myndigheiter behandlar LHBTIQ-personar.
- Kva sanksjonar dei risikerer å møte frå militsgrupper.
- Kva sanksjonar dei risikerer å møte frå eigne familiar.
- På kva måte sosiale media og digitale verkemiddel blir nytta til å utpresse LHBTIQ-personar.
- Kven som arbeider for LHBTIQ-rettar og kva utfordringar dei står overfor.

Før vi drøftar desse punkta, går vi gjennom kjeldene temanotatet bygger på, og gir ein kort historisk bakgrunn som forklarar kva for type autoritetar og normer som påverkar synet på kjønn og seksualitet i Irak.

1.1 Kjelder og etiske vurderingar

Dette temanotatet byggjer på eit utval av primær- og sekundærkjelder.

Mellom 27. mars og 6. april 2022 var Landinfo på ei informasjonsinnhentingsreise til Irak. I denne perioden intervjuar vi sentrale og lokale irakiske og kurdiske myndigheiter, leiarar for internasjonale og lokale ikkje-statlege organisasjonar,

¹ Al-Sadr har sidan sletta innlegget frå 23. mai, men det kan lesast på (Mehdi 2022)

forskarar, journalistar og utanlandske diplomatar i Bagdad, Erbil og Sulaymaniyya. Situasjonen til LHBTIQ-personar var eitt av fleire tema for samtalanene. Mange av kjeldene blei valt på grunn av deira kjennskap til temaet, andre på grunn av deira kompetanse når det gjeld den politiske utviklinga i Irak.

Blant dei ikkje-statlege organisasjonane vi intervjuar, kan ein karakteriserast som eit nettverk av aktivistar som eksplisitt arbeider å spreie informasjon om LHBTIQ-saker. Dei andre er formelt registrerte organisasjonar som arbeider med menneskerettar på andre vis, og som ikkje offentleg flaggar deira kompetanse på LHBTIQ-problematikk. Som vi utdjuar seinare, kan det være svært risikofylt for ein person eller ein organisasjon å bli oppfatta som ein del av eller ein alliert av LHBTIQ-miljøet. Derfor har vi valt å anonymisere fleire av desse kjeldene.

Sekundærkjeldene består av forskingsartiklar, rapportar publisert av internasjonale og lokale organisasjonar som arbeider for LHBTIQ-rettar, i tillegg til engelsk- og arabiskspråklege nyheitskjelder. Vi siterer spesielt ein 105-sider lang rapport som vart utgitt av Human Rights Watch og IraQueer i mars 2022.

1.2 LHBTIQ: Ei omgrepsavklaring

LHBTIQ er eit akronym som står for lesbiske, homofile, bifile, og transkjønna, interkjønn og queer, og blir i vid forstand nytta som eit samleomgrep for personar som på ulike måtar bryt med majoritetens kjønnsuttrykk eller normer for seksualitet. På arabisk er *Mujtama* [‘] *mīm*, eller *m-samfunnet*, eit tilsvarende omgrep. Her er bokstaven «m» henta frå ordet *mithlī* som tyder homofil.

I arabisk daglegtale er det likevel sjeldan at ein høyrer slike uttrykk. Det er langt meir vanleg at LHBTIQ-personar blir skildra ved bruk av svært nedsettande termar som for eksempel *shādhdh* (fl. *shawādhdh*) eller *lūṭī* (fl. *liwāṭ*). Desse uttrykka, som tyder «avvikar» og «sodomitt» respektivt², tar utgangspunkt i den utbreidde oppfatninga om at dei som bryt med majoritetens kjønns- og seksualnormer, er moralsk forkastelege og avvik frå det naturlege. Proponentar for dette synet vil kanskje vegre seg frå å nytte ord som *mithlī* (m.) eller *mithliyya* (f.), fordi desse legitimerer homofili som ei faktisk legning.³

I temanotatet tar vi høgde for at vald retta mot LHBTIQ-samfunnet, også rammar personar som ikkje sjølv definerer seg som ein del av miljøet, men som av enkelte blir oppfatta som «avvikarar» på grunn av utsjånad, påkledding eller oppførsel.

² Bokstaveleg talt skildrar *lūṭī* ein tilhøyrar av «Lots folk» og siktar til forteljninga om innbyggjarane av Sodoma (og Gomorra) som ifølgje dei islamske kjeldene vendte seg mot profeten Lot, og vart straffa av Gud på grunn av deira avgudsdyrking og seksuelle åtferd.

³ Ein representant for ein menneskerettsorganisasjon i Kurdistan, hevda at det nedsettande engelske uttrykket «shemale» ofte blir nytta om transkvinner på kurdisk (intervju, februar 2020.)

2 Kjønn og seksualitet i ein fragmentert stat

Kjønnsroller er forventningar som individ, grupper og samfunn knyter til biologisk kjønn, og kva for oppførsel som blir akseptert innanfor desse rammene. Jamvel om oppfatningar varierer noko med tanke på stad, sosioøkonomisk klasse og generasjon, er Irak, inkludert KRI, eit konservativt samfunn der brot med etablerte sosiale normer skapar negative reaksjonar.⁴ Dette gjeld spesielt normer som gjeld kjønnsuttrykk, kjønnsidentitet, og seksualitet, som i Irak er svært tabu-belagte tema. Slik som andre stader i Midtausten, finst det eit utbreidd syn om at LHBTIQ-personar lir av mental forvirring, er til skade for religiøse verdiar og offentleg moral, og at livsstilen er eit produkt av vestleg eller framand kulturell påverknad på samfunnet (Rohde 2016; Tolino 2014).

Konsekvensane av å overskride grensene for det majoritetssamfunnet definerer som feminint (for kvinner) og maskulint (for menn), kan vere svært alvorlege, og i verste fall føre til at vedkommande kan bli mål for vald og drap (Dietrich et al. 2021, s. 17, 20). Dei fleste LHBTIQ-personar ser derfor ikkje anna val enn å halde kjønnsidentitet eller legning skjult, så vidt det er mogleg, og mange lever i heterofile parforhold for å beskytte seg mot negative reaksjonar frå familie, arbeidsgivarar, myndigheiter etc. (LHBTIQ-aktivist i Kurdistan, intervju, mars 2022). Det er liten tvil om at den psykiske kostnaden av å leve i skjul på denne måten, er stor. Som ein transkjønna irakar fortalde til ein libanesisk nettavis i juni 2022: «[...] eg veit at eg alltid er i fare, og at eg ikkje kan gjere anna enn å flykte eller vente på å bli drepen» (al-Sa‘d 2022).

Jamvel om kjønnsroller kan vere rigide, er dei aldri statiske. Som regel er dei gjenstand for ein form for «forhandling» mellom ulike krefter i samfunnet som ønskjer å definere, kontrollere, innskrenke eller utvide dei (Nigst & García 2010). I Irak må dei rådande syna på kjønn og seksualitet bli sett i samheng med landet si turbulente politiske historie, der tiår med ustabilitet, krig, manglande statsuverenitet og politisk fragmentering har lagt grunnlaget for djupe sosiale, politiske og etniske spenningar.

2.1 Kjønnsroller i endring

Trass i Ba‘th-partiets brutale undertrykking av kurdiske nasjonalistar og shia-rørsler på 1970- og 80-talet, gjorde regimet i denne perioden ei rekke progressive tiltak som styrka kvinners stilling. Endringar i familieloven (1978) gav kvinner rett til omsorg for barn, skilsmisse og arv, og avgrensa såleis stammesamfunnet og geistlege krefter sine evne til å sette dagsorden – mest av alt i urbane strøk (Iraqi al-Amal Institution, Impunity watch & Pax 2020). Tanken var å bygge opp under staten sin legitimitet, og kue religiøse eller tradisjonelle autoritetar som utfordra denne. Utover 1980-talet bidrog krigen mot Iran (1980–86) og det høge talet på

⁴ For ein meir detaljert diskusjon om temaet i kontekst av Nord-Irak, sjå (Landinfo 2013)

menn som vart verva som soldatar, til at stadig fleire kvinner vart yrkesaktive, og tok på seg offentlege verv (Al-Ali 2005, s. 743).

I løpet av dei to neste tiåra vart denne utviklinga nær komplett reversert. Den nemnde Iran-krigen, saman med invasjon av Kuwait (1990) og den påfølgjande Golfkrigen (1991), førte til at Irak og Ba‘th-partiet vart politisk isolerte, medan vestlege økonomiske sanksjonar bidrog til at velferdsstaten og offentlege helse-tilbod etter kvart braut saman (ICRC 1999). Medan middelklassen vart så godt som utviska og offentlege institusjonar kollapsa, vart dei yrkesaktive kvinnene drivne tilbake til heimen (Ali 2018, s. 106). Ekstrem fattigdom avla nye patriarkalske ideal der kvinner i større grad vart avhengige av menn, storfamilien og lokalsamfunnet for økonomisk og sosial tryggleik (al-Jawaheri 2008).

På same tid byrja den svært pressa politiske leiarskapen å alliere seg med geistlege autoritetar og (sunnī-)islamistiske aktørar, sannsynlegvis for å demme opp for kritiske shia-rørsler som var på kant med Saddam Hussein (Marr & al-Marashi 2017, s. 193-194). Desse prosessane la føringar for eit meir konservativt samfunn der religion gradvis fekk større plass i offentlegheita. Som vi skal sjå, har denne utviklinga heldt fram også i tida etter at Ba‘th-partiet vart styrta.

2.2 Politisk fragmentering og tradisjonisering av samfunnet

I 2003 invaderte USA Irak, og dei amerikanske styrkane vart verande til 2011. For å hindre intern splid mellom folkegrupper etter at Ba‘th-staten vart avvikla, etablerte Den amerikanske sivile administrasjonen av Irak eit kvotesystem (*muhasasa*) som fordelte parlamentarisk makt på bakgrunn av etno-religiøse skiljelinjer. Jamvel om kvotesystemet ikkje spesifikt er nemnd i den nye grunnloven frå 2005 eller i andre traktatar, har det lagt grunnlaget for parlamentarisk liv og korleis politiske leiarar forhandlar om makt (Bogaards 2019).

Det som skulle vere ei midlertidig ordning, har resultert i ei langvarig «etnifisering» av irakisk politikk, der etno-religiøse, familiære og politiske interesser har vorte vevd saman i eit sjølvforsterkande forhold (Dodge & Mansour 2020; Karam 2017). Spenningane har også vorte forsterka av splid mellom regjeringa i Bagdad og KRI, som sidan 1991 har vore under de facto kurdisk styre, og fekk formell autonomi i 2005.

Sjølv om kjønn og seksualitet ikkje har stått sentralt i desse prosessane, er det liten tvil om at den turbulente nasjonsbygginga i Irak (og KRI) har lagt føringar for synet på maskulinitet og feminitet (Al-Ali 2005).

Forskarar har lagt vekt på korleis fragmenteringa av politisk makt har bidratt til at stammekultur frå landsbygda over tid har inntatt byar og urbane strøk, og definerer sosialt liv (Jabar 2000). I mangelen på ei sterk statsmakt, utgjer slektsbaserte økonomiske nettverk og tradisjonelle former for sjølvjustis ei kjelde til

stabilitet og tryggleik for mange (Bobseine 2019). Låg tillit til det formelle rettsvesenet har gjort at stammeinspirert sedvanerett (*'urf*) og forhandlingar mellom klanhøvdingar (*al-fasl al-'asha 'iri*) florerer både i forlenging og på bekostning av loven (Yunis 2018). Det er såleis ikkje merkverdig at det rådande synet på kjønn i Irak er farga av ein konservativ æreskultur der eldre menn rår over både kvinner og unge menn (Landinfo 2022, s. 8-9).

Oppslutninga om tradisjon (eller religion) gir ikkje eit fullstending bilde av kva for aktørar som kappast om å definere samfunnsnormene i Irak. Minst like viktig er militskulturen og tryggleiksvakuemet som har prega Irak sidan 2003.

2.3 Ein veksande militskultur

I kjølvatnet av den amerikanske invasjonen byrja ei rekke sunni-islamistiske opprørsgrupper å utfordre maktmonopolet til dei amerikansk-støtta regjeringsstyrkane. Nokre av desse hadde koplingar til globale jihadistnettverk slik som al-Qaida, medan andre var nasjonalistar og kjempa for irakisk sjølvråderett. Fleire møtte sterk konkurranse frå ulike væpna shia-opprørsgrupper, deriblant Mehdi-hæren, grunnlagt av den nasjonalistiske islamisten Muqtada Sadr i 2003. Mehdi-hæren representerte ein aktivistisk og ofte militant strømming av politisk shia-islam som hadde vore kraftig undertrykt under Saddam Hussein, men som blomstra for fullt etter hans fall (Hasan 2021). Spenningane mellom dei ulike aktørane resulterte i borgarkrig 2006–2008 der eit lappeteppje av væpna shia- og sunni-islamistiske opprørsgrupper kapp om å ta makta i landet medan dei amerikanske styrkane mista kontrollen.

I seinare tid har Sadr og liknande aktørar tona ned antagonismen og dyrka eit nært forhold til staten. Dette har vore tydeleg sidan 2014, etter at Iraks fremste åndelege leiar, Ayatollah Ali al-Sistani, mana innbyggjarar til å gå i strid mot Den islamske staten (IS)⁵; ein jihadistorganisasjon som hadde reist seg frå oska frå nokre av dei tidlegare al-Qaida-tilknytte opprørsgruppene.⁶ Dette samanfallet med at dåverande statsminister Nuri al-Maliki etablerte ein paraplyorganisasjon for nye og eldre militsgrupper kjend som The Popular Mobilization Units (PMU) eller *al-Hashd al-sh'abi* på arabisk (Mansour & Jabar 2017).

Integrering av militsane i statlege organ har ført til ei hybridisering av makt der skiljet mellom formelle sikkerheitsstyrkar og uformelle militsar har minska betrakteleg (Haddad 2020, s. 36). Den klare majoriteten av militsane i PMU har ein shia-islamistisk profil, og mange har tatt på seg rolla som vaktarar av offentleg moral innanfor sine respektive kontrollområde. Sjølvjustis utøvd av rivaliserande grupper av unge væpna menn, har vore med på å normalisere ein militarisert form

⁵ For å lese *fatwaen* til al-Sistani frå 13. juni 2014, sjå al-Iraq Net (2020).

⁶ For ein meir nyansert diskusjon om forholdet mellom IS og al-Qaida i Irak, sjå Becker Aarseth (2021, s. 17-18).

for maskulinitet, og har gjort offentlege område utrygge for dei som bryt med dei idealiserte normene for kjønn og seksualitet (Rohde 2016).

Etter den amerikanske invasjonen har Irak blitt ein skjør stat med mange konkurrerande maktsentrum, der ulike rørsler og parti har alliert seg med regionale støttespelarar for å forsøke å kue motparten. Som vi utdjuar under, har dei flytande forbindingane mellom offentlege myndigheiter, geistlege/patriarkalske autoritetar og væpna grupper undergrave rettssikkerheita til LHBTIQ-personar.

3 Sanksjonar frå offentlege myndigheiter

I den grad den irakiske straffeloven forbyr samekjønna seksuell omgang, gjeld dette berre for seksuell omgang med mindreårige. Artikkel 394 slår fast at alle som har «utanomekteskapeleg seksuell omgang med ei kvinne med hennar samtykke», eller gjer seg skuldige i «sodomi med ein person med deira samtykke», kan fengslast i opptil sju år om «offeret» er mellom 15 og 18, eller opptil ti år om det er yngre (Iraqi penal code 1969, s. artikkel 394).

Når det gjeld samekjønna seksuell omgang mellom vaksne er loven langt mindre spesifikk, reint bortsett frå at sex utanom ekteskapet er forbode. Dette hindrar likevel ikkje offentlege myndigheiter i å straffeforfølgje LHBTIQ-personar eller dei som kjempar for deira rettigheter.

I ein omfattande rapport om situasjonen for LHBTIQ-personar i Irak frå mars 2022, skriv Human Rights Watch (heretter HRW) og aktivistorganisasjonen IraQueer at det irakiske rettsvesenet nyttar ei rekke vage forskrifter med sikte på å kontrollere offentlig moral og avgrense ytrings- eller forsamlingsfridom (HRW & IraQueer 2022, s. 17).

Det dreier seg mellom anna om artikkel 400 i straffeloven som seier at ein som utfører ei «usømmeleg handling med ein mann eller ei kvinne offentlig», kan fengslast i opptil eitt år og/eller bøtleggjast for 100 dinar (Iraqi penal code 1969, artikkel 400). Ein representant frå ein menneskerettsorganisasjon i KRI fortalde at artikkel 401, som også forbyr «usømmelege handlingar i offentlegheit», har «blitt nytta mange gonger» av lokale myndigheiter til å fengsle LHBTIQ-personar og andre (møte, 26. februar 2020). På same vis kan artikkel 502, som forbyr å «drive rundt» på offentlege stader med «usømmelege hensikter», nyttast for å slå ned på dei som kler seg utanfor norma og bryt med dei aksepterte kjønnsuttrykka (HRW & IraQueer 2022; Iraqi penal code 1969, artikkel 502).

Ein aktivist frå ein LHBTIQ-organisasjon med forankring i KRI, fortalde til Landinfo at det er vanleg at LHBTIQ-personar blir skulda for å bryte lovar som forbyr

prostituasjon og valdtekt: «Den mest brukte er artikkelen om valdtekt [393], som blir misbrukt [og] tilpassa til den heteroseksuelle norma. [...] Måten dei brukar han på, er å seie at den eine parten har blitt valdteke» (intervju 30. mars 2022).

3.1 Forsamlingsforbod

HRW og IraQueer (2022) understreker også at ei rekke forskrifter blir nytta for å hindre LHBTIQ-miljøet i å organisere seg. Dette gjeld mellom anna artikkel 200 (2) av straffeloven, som nemner at alle «segment som manar til å endre dei fundamentale prinsippa i grunnloven eller grunnleggjande ordningar for sosialt liv», kan straffast med fengsel i opptil sju år. Vidare forbyr §210 spreieing av «falske og ondsinna» ytringar rykte og kringkasting av propaganda med mål å svekke offentleg tryggleik, spreie frykt eller ramme «allmentas interesser» (Iraqi penal code 1969, artikklane 200 (2) og 210).

3.2 Straffereduksjon for vald i nære relasjonar

Like problematisk for rettssikkerheita til LHBTIQ-personar i Irak, er mangelen på eit lovverk som tydeleg forbyr vald i heimen og i nære relasjonar.

Kvinnerørslar har lenge kjempa for å fjerne paragrafar og klausular som gir valdelege menn og familiemedlem redusert straff for deira handlingar (Ali 2018, s. 227-230). Dette gjeld for eksempel ein mykje omtala artikkel som legg til rette for at ein ektemann kan «disiplinere» kona si, eller «foreldre og lærarars disiplinering av mindreårige barn innanfor dei grensene som er stipulert i shari‘a,-lov og sedvanerett» (Iraqi penal code 1969 artikkel 41 (1)). Sjølv ved grove tilfelle av vald, inkludert drap, legg straffeloven til rette for at den skuldige anten blir friteke frå eller får redusert straff om «heiderlege motiv» ligg bak brotsverket (Iraqi penal code 1969 artikkel 128 (1)).

Det rettslege vakuemet legg til rette for æresrelatert vald mot mindreårige LHBTIQ-personar og oppmuntrar offera til å teie om åtak og overgrep frå familiemedlem (HRW & IraQueer 2022, s. 18).

Press både frå det internasjonale samfunnet og lokale kvinnerørslar førte til at irakiske myndigheiter i 2019 byrja å teikne opp ein lov mot vald i nære relasjonar, men prosessen har enno ikkje ført fram grunna politisk usemje (HRW 2020). Leiar og styreleiar for Iraqi al-Amal Association bekrefta at det per mars 2022 ikkje hadde blitt vedtatt nye lovar for å betre kvinners stilling med tanke på vald i heimen (møte, mars 2022).

I KRI er den rettslege situasjonen noko annleis, i og med at kurdiske myndigheiter, som elles følgjer irakisk straffelov, har vedteke at æresmotiv ikkje utgjer formildande omstende (meir om dette i Landinfo 2022, s. 28-29). I 2011

vedtok det kurdiske parlamentet å innføre ein lov mot vald i nære relasjonar som tar for seg ei rekke omstende som vald, trugsmål, hets, tvangsgifte, tvungen skilsmisse og vald som fører til sjølv mord (Landinfo 2022, s. 28-29). Dette betyr likevel ikkje nødvendigvis at kurdiske myndigheiter prioriterer å straffeforfølgje æresrelatert vald. «Det er ikkje nokon ordentleg respons frå regjeringa», sa den lokale direktøren for Norsk folkehjelp i KRI. «Dei [som er skuldige i æresrelaterte drap] blir ikkje straffeforfølgd, eller om dei blir fengsla, slepp dei ut av fengsel etter eit par dagar (intervju 4. april 2022). «Det er ein viss vilje til å etterforske æresdrap, men ein er også var for tradisjonar og normer», sa ein representant for ein lokal menneskerettsorganisasjon i KRI (intervju 5. april 2022).

3.3 Ulovlege arrestasjonar, seksualisert vald og frykt for politiet

Arrestasjonar av LHBTIQ-personar treng ikkje nødvendigvis å føre til at vedkommande blir straffeforfølgd. Ifølgje HRW og IraQueer er det svært utbreidd at politi og sikkerheitsaktørar utstasjonert ved kontrollpostar (som finst i heile landet), stoppar folk med utypiske kjønnsuttrykk og hetsar, trakasserer eller internerer dei utan basis i nokon spesifikk lov (HRW & IraQueer 2022, s. 3). Fleire rapporterer at dei har blitt utsett for brutale avhøyr og seksualisert vald under slike interneringar (HRW & IraQueer 2022, s. 13-17). Det er ikkje uvanleg at offer for slike handlingar, blir tvungne til å skrive under på dokument som seier at dei ikkje har blitt ramma av overgrep eller blitt nekta tilgang til advokat (HRW & IraQueer 2022, s. 53).

Dette skal vere eit gjennomgåande problem i heile Irak, inkludert KRI. I april 2021, for eksempel, gjennomførte kurdiske sikkerheitsstyrker (Asayish) ein storstilt aksjon for å «eliminere fenomenet prostitusjon» i Sulaymaniyya⁷, som resulterte i at ei rekke menn mistenkt for å vere ein del av LHBTIQ-miljøet, vart arresterte. Ifølgje lokale aktivistar skal nokre av desse skal ha vorte utsett for tortur i fangenskap (Sirwan 2021) og ha vorte tvunge til nedverdiggande «analundersøkingar» (møte med aktivist frå KRI, mars 2022). Arrestasjonane skal ikkje ha resultert i nokon dom.

Normaliseringa av slike overgrep gjer det uaktuelt for mange å søke hjelp frå offentlege myndigheiter. «Når vi ser politiet, endrar vi retning, fordi dei kan arrestere oss utan grunn», uttala ein LHBTIQ-aktivist til Al Jazeera i mars 2022. «Vi kan ikkje gå til politiet, det ville vere som å vandre i vår eigen død om vi gjer det» (Fox 2022).

3.4 Mot forbod mot homofili?

Det er i skrivande stund uklart kvar den parlamentariske rørsle for å forby homo-

⁷ Informasjonsskriv utgitt av kurdiske sikkerheitsstyrkar 2. april 2021.

fili har kome i arbeidet sitt. Dette spesielt med tanke på uroa som har prega Irak sidan sommaren 2022, der politiske demonstrasjonar gjentatte gonger har hindra parlamentet i å møtast.

I mellomtida har det komme meldingar om at regjeringa i KRI hadde sendt eit liknande lovforslag til det kurdiske parlamentet. 6. september 2022 rapporterte Middle East Eye at partiet Kurdistan islamske union (Yegirtu) hadde sankt 76 signaturar frå 111 parlamentsmedlem for å fremje ein lov som forbyr promotering av LHBTIQ-rettar (Macdonald 2022a). Ifølgje forslaget vil «alle som anten gjennom handling eller tale fremjar eller oppfordrar til homofili», risikere å bli fengsla i opptil eitt år, eller få ei bot på fem millionar dinar. I tillegg risikerer organisasjonar eller media som gjer det same, å miste lisensen eller bli stengd inntil ein månad (Menmy 2022).

Det er liten tvil om at desse lovforslaga skapar frykt blant LHBTIQ-personar og ikkje minst blant aktivistar og menneskerettsorganisasjonar som risikerer mykje for å tale deira sak (sjå kapittel 7). Slik som ein aktivist frå IraQueer uttala i juli, vil nye anti-LHBTIQ-lovar kunne fremje staten sin evne til å slå ned på dei mest sårbare gruppene i samfunnet, på same tid som dei styrkar det juridiske vernet av «væpna grupper og andre kriminelle» med same mål (sitert i MacDonald 2022b). I neste del av temanotatet rettar vi søkelyset mot desse aktørane.

4 Sanksjonar frå militsgrupper

Ifølgje historikaren Achim Rhode byrja irakiske militsgrupper å begå målretta drap på homofile og transkjønna menn i 2004 (Rohde 2016, s. 438). Det var likevel først i åra etter borgarkrigen (2006-08), på eit tidspunkt der nattklubbar i byar som Bagdad, Basra og Najaf tok til å opne på nytt, at valden mot LHBTIQ-samfunnet vekte internasjonal oppsikt (Williams & Maher 2009).

I 2009 rapporterte HRW at militsgrupper stod bak systematisk drap og tortur av menn som framsto som «homofile» eller ikkje «mannlege» nok. Dette kunne dreie seg om menn med langt hår, som kledde seg i fasjonable klede eller på anna vis skilde seg ut. Bak drapa stod mellom anna Mehdi-hæren, som på dette tidspunktet offentleg åtvare mot ei «feminisering» av irakiske menn (HRW 2009, s. 37).

Valden blussa opp igjen i 2012, og retta seg denne gongen spesielt mot den gryande emo-subkulturen i Irak. Det vil seie ungdom som følgjer moten assosiert med musikksgangane emo og pønkrock, som farga hår, glorete sminke, svarte klede, hovudskallesymbol og tettsittande plagg (LeVine 2012). I fleire byar skal væpna gjengar i sivile klede ha tatt seg inn i private hus og saumfare gatene på jakt etter det dei kalla «djeveldyrkarar» og «vampyrar», og avretta eit ukjend tal ungdom ved å knuse skallen deira med betonghulstein (al-Sumariyyah News

2012). Ifølgje Amnesty International (2012) samanfall denne bølga av drap med at innanriksdepartementet skulda emo-moten for å vere «satanistisk» og eit trugs-mål mot samfunnet.

Desse bølgjene av vald var truleg ikkje aleine motivert av religion. Historikaren Mark LeVine hevdar at drapa må bli forstått i kontekst av at ei rekke «politiske og religiøse elitar og dei ulike militsgruppene under deira kontroll» konkurrerte seg imellom om å vinne moralsk hevd i ein populistisk kamp mot det dei forstod som vestleg påverknad på det irakiske samfunnet (LeVine 2012).

Som vi skal sjå, held valden mot (antatte) LHBTIQ-personar fram i dag, sjølv om nokre av militsgruppene har tona ned den antagonistiske retorikken i nokon grad.

4.1 Etter PMU: Meir kustus, men valden held fram

Opprettinga av PMU i 2014 hadde store ringverknader for militsrørslene i Irak. Deira gradvis integrasjon i statsapparatet som ein offisiell paramilitær hær, har gitt fleire av rørslene tilgang til økonomiske midlar og politisk makt og dei største aktørane gradar av autonomi. Etter at PMU tok del i å drive IS tilbake i 2016/17, har mange av desse gruppene heldt fram med å fungere som sikkerheitsleverandørar, politiske rørsler og garantistar for sosiale tenester – både som ei forlenging av og i konkurranse mot dei offentlege myndigheitene (Haddad 2020; Mansour & Jabar 2017; Skelton & Saleem 2021). Majoriteten av PMU-militsane har ein shia-islamistisk profil, og ein betydeleg del har eit nært forhold til Iran.

Nokre av kjeldene Landinfo har vore i kontakt med, hevda at dei væpna gruppene har blitt meir føreseielege etter å ha blitt integrert i eit statleg rammeverk som PMU, og at nokre av dei største aktørane har redusert valden mot sivile. Militsane er «betre organisert enn tidlegare», hevda forskaren Zmkan Ali Saleem, som også er direktør for Institute of Regional & International Studies på Det amerikanske universitetet i Sulaymaniya. «Det er mindre drap. Overgrepa som held fram, tar mest form av verbale, fysiske og økonomiske overgrep» (intervju, mars 2022).

Saleem, som har publisert mykje om utviklinga til PMU, meinte likevel at det var noko skilnad på gruppene. Han nemnde at den pro-iranske fløya av organisasjonen hadde eit anna handlingsmønster enn for eksempel konkurrentane i Saraya al-Salam (Fredsbrigadene), den noverande rørsla til nasjonalisten Muqtada Sadr.⁸ Pro-iranske fraksjonar som 'Asa'ib Ahl al-Haqq og Kata'ib Hezbollah er kjende for å i større grad nytte trugsmaal mot myndigheitspersonar⁹ og/eller vald mot sivile for å verne om politiske interesser eller materielle

⁸ Saderistane har markert seg som nokre av dei fremste motstandarar av iransk hegemoni i irakisk politikk og i PMU.

⁹ Etter drapet på leiar av Quds-styrkane Qassem Soleimani og nestleiar av PMU, Abu Mahdi al-Muhandis, i 2020, har Kata'ib Hezbollah gjentatte gonger truga statsminister Mustafa al-Kadhimi på livet (al-Hadaf al-Akhbar 2020).

ressursar.¹⁰ Sadr, på den andre sida, har forsøkt å marknadsføre seg som den ansvarsfulle parten i det politiske landskapet, og har tatt til orde for å oppløyse (dei pro-iranske) militsgruppene og redusere det militære nærværet til si eiga rørsle (Shafaq News 2021a, b).

Desse skilnadene blir i nokon grad også spegla i retorikken omkring vald mot LHBTIQ-personar. I 2016 vakte Muqtada al-Sadr mykje oppsikt da han i ei offentleg utgreiing mana folk til å stoppe åtaka mot homofile (Middle East Eye 2016). «Vi må boikotte dei og ikkje gå til åtak på dei», skal han ha sagt i eit kort svar til ein av sine følgjarar medan han la til at «slike menneskje» lever i psykologisk ubalanse, og at den riktige framgangsmåten er å isolere dei (sitert i al-Bawaba 2016). I 2017 skal 'Asa'ib Ahl al-Haqq, på si side, ha offentleggjort ei liste med meir enn hundre namn på anteke LHBTQI-personar som ville bli drepne om dei ikkje omvendte seg (IraQueer 2018, s. 9).

Trass i denne utviklinga, er det likevel lite som tyder på at nokon PMU-aktør har gjort faktiske grep for å stanse valden mot LHBTIQ-personar. I rapporten frå 2022 skuldar HRW og IraQueer PMU-grupper på tvers av politisk forankring og ideologi for å vere skuldige i eit tital tilfelle av grov hets, valdtekt, bortføringar, tortur og avrettingar av homofile og transkjønna personar i åra 2018–2021.¹¹ Deira rapport rettar spesifikt kritikk mot militsane 'Asa'ib Ahl al-Haqq, Kata'ib Hezbollah, Raba' Allah (som er knytt til sistnemnde), Saraya al-Salam og nokre av dei større 'Atabat-militsane («heilagdomsbrigadene») som finst sørover i landet, i tillegg til irakiske og kurdiske sikkerheitsstyrkar (HRW & IraQueer 2022, s. 85).

4.2 Overlappende roller

Som nemnd innleiingsvis, er den gryande rolleblandinga mellom sikkerheitsstyrkar, væpna grupper og politiske/geistlege autoritetar svært problematisk for rettssikkerheita til innbyggjarar av Irak. I mange tilfelle vil politiet eller sikkerheitsstyrkar vegre seg for å straffeforfølgje medlem av militsgruppene nettopp på grunn av deira koplingar til religiøse eller politiske autoritetar (Iraqi al-Amal Institution, Impunity watch & Pax 2020).

Det er også verdt å merke kunngjeringsfrå geistlege autoritetar som rettar retorisk skyts mot LHBTIQ-samfunnet, kan bli forstått som oppfordringar til vald,

¹⁰ I kraft av å utøve eit valdsmonopol i fleire frigjorte område som tidlegare var under kontroll av IS, har iransk-støtta fraksjonar slik som 'Asa'ib ahl al-haqq, Kata'ib Hezbollah, og Badr-organisasjonen tileigna seg store økonomiske verdiar gjennom å trenere lokale markadar knytt til skrap og restaurering av øydelagde område (Davison 2019; Gotts 2019; GPPi 2017). Førstnemnde gruppe har også i ei rekke tilfelle vorte skulda av irakiske myndigheiter for å stå bak smugling av narkotika (captagon) mellom Syria og Irak (al-Omran 2019).

¹¹ Det har ikkje lukkast Landinfo å slå fast om dei mindre påverknadsrike sunni-rørslene som er innlemma PMU (og ofte blir kalla al-Hashd al- 'Asha'iri), også har tatt del i å utøve vald mot LHBTIQ-personar.

jamvel om dei same autoritetane har oppmana til å spare liva til homofile. I sin nemnde rapport siterer HRW og IraQueer (2022, s. 30-31) siterer ei 21 år gamal lesbisk kvinne frå Bagdad som i 2020 vart overfallen i kjølvatnet av at Sadr retta tung kritikk mot dei britiske og kanadiske ambassadane og EU for å heisa regnbogeflagget for å markere Pride:¹²

Rett etter at Moqtada al-Sadr tweeta om LHBT på 17. mai, vart eg overfallen av tre menn på motorsykkel, som banka meg opp og stakk meg i foten med ein kniv og skar opp armen min. Dei sa dei var frå Saraya al-Salam og mana meg til å stoppe min umoralske oppførsel. Eg blødde ukontrollert og trudde eg ville forblø. Venene mine hjelpte meg med å bandasjere meg.

4.3 Kven og kvar er offera?

HRW og IraQueer (2022, s. 12) understrekar at det overgrepsoffera i deira omtala rapport har til felles at dei er unge og stikk seg synleg ut (på gata eller internett). Fleire skal også ha ein lågare sosioøkonomisk bakgrunn. Dei forklarar sistnemnde faktor med å vise til korleis mangel på sosioøkonomisk makt kan ha mykje å seie for i kva område folk rører seg, i kva grad familien er avhengig av politiske rørsler (eller militsgrupper) for å få tilgang til tryggleik eller sosiale tenester, og kvar synlege dei er i offentlege område (HRW & IraQueer 2022, s. 12). Sidan det ikkje finst offentleg statistikk over LHBTIQ-vald og fordi tilfella denne rapporten nemner, er relativt få, kan ikkje Landinfo slå fast i kva grad sosioøkonomisk bakgrunn spelar ei rolle.

I ein rapport frå 2018 understrekar IraQueer at «offentleg vald» frå militsar eller sikkerheitsstyrkar skjer over heile Irak, men at Bagdad-området skil seg ut (IraQueer 2018). Dette blir gjentatt i HRW og IraQueers rapport frå 2022 (s. 9) der majoriteten av dei omtala offera (29 av 54) er frå den irakiske hovudstaden. Nok ein gong er dei samla valdstilfella organisasjonane omtalar så få at det i Landinfos syn ikkje er mogleg å slå fast at dette utgjer ein trend. Det kan dreie seg om at slike overgrep er enklare å dokumentere i ein by som Bagdad, i og med at det til ein viss grad finst eit nettverk av LHBTIQ-aktivistar der. Det same gjeld for KRI. Det er ingen grunn til å tru at LHBTIQ-personar kan føle seg trygge frå vald og overgrep nokon stad i Irak.

5 Sanksjonar frå familie og slekt

Landinfo (2022, s. 15-16) har tidlegare skrive at LHBTIQ-personar risikerer trakassering og vald frå eigne familiar. I vår felles rapport med danske Udlændingestyrelsen fortel ei kjelde at menn som lever som homofile, vil kunne

¹² Får å lese tweeten, sjå Sadr (2020).

skade familiens ære, og slik utløyse æresrelatert vald (The Danish Immigration Service & Landinfo 2018, s. 47). Som fleire organisasjonar har dokumentert, gjeld dette også i høgste grad lesbiske kvinner (OutRight International & IraQueer 2022, s. 7) og transpersonar (HRW & IraQueer 2022).

I februar vakte drapet på ei 23 år gamal transkjønna i byen Dohuk i KRI stor oppsikt, etter at ho vart skoten og drepen av bror sin som klarte å rømme landet før han vart pågripen (The Guardian 2022). Kvinna, som var aktiv i sosiale media, skal ha motteke trugsmål frå både nær familie og fjerne slektningar i lengre tid. Ho skal ha oppsøkt politiet fleire gonger i håp om å saksøke familien, medan politiet oppmoda ho til å forlate byen for hennar sikkerheit (Sirwan 2021).

I ein rapport frå 2018 seier IraQueer (2018, s. 15) at i sørlege byar som Karbala og Basra står familiemedlem og slektningar for mesteparten av valden mot LHBTIQ-personar. Dette for å beskytte familieæra. Ein representant frå Baghdad Women Association understreka at æresrelaterte drap var mest utbreidd i rurale strøk i Sør-Irak, der slektskapsorganisering har meir å seie for samfunnsordenen enn andre stadar, men understreka at dette også føregjekk i urbane strøk, slik som i Bagdad (møte, mars 2022). Representanten understreka også at offentlege myndigheiter ofte kjem under press frå prominente familiar eller slektsbaserte autoritetar, og gjerne vegrar seg for å gripe inn eller provosere aktørar med sosial eller politisk makt: «Etter [den amerikanske invasjonen i] 2003 har det vore kaos. [...] Stamma og tradisjonen styrer loven, ingen lov hindrar stammen frå å reagere» (intervju, mars 2022).

Desse flytande grensene mellom offentlege, slektsbaserte og politiske myndigheiter har store konsekvensar for rettssikkerheita til LHBTIQ-personar. Nokon opplever at dei blir straffa av fleire typar myndigheiter på ei og same tid. I ei Al Jazeera-artikkel frå 2022 fortel ein homofil mann om korleis han vart hetsa og truga med valdtekt av 14 politimenn etter at han vart arrestert for å ha langt hår. Situasjonen gjekk frå vondt til verre etter at familien henta han i bil og tok han med heim til den sørlege byen Najaf, der faren skal ha truga han på livet med pistol. «Da eg kom heim, var familien min enda verre enn politiet...fordi eg bringa skam over familien,» fortalde han til Al Jazeera (Fox 2022).

5.1 Sosial kontroll

Det er ikkje uvanleg at ungdom opplever at foreldra utøver sosial kontroll og forsøke å «korrigere» oppførselen deira eller overvake aktiviteten på sosiale media (Dean 2016, Landinfos møte med General directorate of combating violence against women i Erbil, 6. april 2022.).

Ein 21 år gamal homofil mann fortel i HRW og IraQueers rapport (2022, s. 79) om korleis far hans byrja å stenge han inn i familiens vaskeri og tvinge han til

tvangsarbeid i isolasjon etter å ha tatt han for å ha utveksla meldingar med ein annan homofil mann:

Far min slår meg hardt gjentatte gonger kvar dag. I juli 2021 brakk han begge knea mine mens han slo meg hardt med ein batong etter at han fann ut at eg chatta med ein homofil mann på nettet. Han tok med Koranen og eit stykke papir som sa at eg ikkje har lov til å snakke med homofile, og fekk meg til å sverje på det.

Eksempelet illustrerer korleis sosiale media og dating-applikasjonar har gitt LHBTIQ-personar fleire møteplassar, men også at desse arenaane kan bli nytta for å overvake og eksponere dei. Dette ser vi nærare på i neste kapittel.

6 Digital vald og utpressing

Fleire av Landinfos kjelder i Irak og KRI understreka at trakassering og utpressing på nett er eit aukande problem. Personlege detaljar eller nakenbilete på avvege kan utgjere mektige pressmiddel mot unge kvinner som risikerer å vanære familiens ry ved at deira «usømmelege oppførsel» blir spreidd på nettet (møter med Iraqi al-Amal Association i Bagdad, kvinnerettsorganisasjon i Sulaymaniyya, LHBTIQ-aktivist i Sulaymaniyya, General directorate of combating violence against women i Erbil, møter mars og april 2022). Dette er også i høgste grad tilfellet for LHBTIQ-personar som fryktar at deira legning eller kjønnsidentitet skal bli eksponert.

Ifølgje HRW og IraQueer pengar (2022, s. 24) har det blitt vanleg at medlem av væpna grupper trålar dating-appar brukt av LHBTQI-miljøet, for å lure til seg personlege detaljar og bilete som dei seinare kan nytte for å truge til seg. I forlenging av dette hevda ei av Landinfos kjelder at det er ei kjensgjerning at valdelege partnarar av LHBTIQ-personar kan truge med å eksponere legningen til partnaren for militsgrupper eller familie: «Dette skjer gjerne dersom ein av partane vil ut av eit forhold. Den andre parten [kan bli] møtt med trugsmål slik som «eg eig deg...eg vil eksponere deg»» (møte med organisasjon som jobbar mot kjønnsrelatert vald i KRI, april 2022).

Ein homofil mann frå Erbil fortel i HRW og IraQueers rapport (2022, s. 67-77) om korleis ein mann han møtte via dating-appen Grindr (og WhatsApp), overleverte informasjon til medlem av 'Asa'ib Ahl al-Haqq, etter at vedkommande nekta å ha sex med han. Episoden enda med at tre personar frå militsgruppa pressa han til å betale 20 000 amerikanske dollar mot å halde informasjonen skjult for familien hans.

Landinfo erfarer at mange LHBTIQ-personar er bevisste på at desse formene for utpressing er utbreidde, og tar forholdsreglar. I mars 2022 fortalde to personar

som identifiserte seg som homofil og bifil til AP i Bagdad, at dei vegra seg for å dele bilete av seg sjølve på dating-appar, i frykt for at informasjonen skulle hamne i feil hender: «Når eg vel å opne meg for nokon, undrast eg på om eg skal stole på dei? Eller vil dei nytte dette mot meg?» fortalde den eine. «Eg har levd i frykt sidan eg oppdaga meg sjølv (som biseksuell)» (sitert i Fam & Kullab 2022).

7 **Sivilsamfunn og LHBTIQ-aktivisme**

Det finst fleire organisasjonar og mindre aktivistnettverk som arbeider med LHBTIQ-sak i Irak. Desse gjer eit nøye arbeid når det gjeld å samle informasjon, dokumentere overgrep og skrive rapportar, og alle jobbar under svært vanskelege forhold. Dei kan i liten grad utøve press mot myndigheitene, verne om LHBTIQ-personar eller eingong vere opne om kven dei er eller kva type arbeid dei driv med. Dette ville kunne føre til sterke reaksjonar frå myndigheiter og andre påverknadsrike aktørar. Ein kurdisk akademikar og menneskerettsaktivist ved Det amerikanske universitetet i Sulaymaniyya hevda at LHBTIQ-rørsla i Irak hadde blitt større og meir høglytt med åra, og at konservative, islamistiske aktørar la press på myndigheitene for å slå ned på dette (møte, april 2022).

Det finst fleire eksempel på at presset aukar. I juni 2021 fekk leiar for Rasan Organization i KRI, Tanya Darwish, beskjed frå Departementet for ikkje-statlege organisasjonar og politiet at Rasan og tidlegare tilsette var under etterforskning basert på skuldingar om å «spreie hat» og «promotere ulovlege handlingar» (Frontline Defenders 2021). Skuldingane skal vere knytt til organisasjonens synlege rolle i kampen for LHBTIQ-rettar (Frontline Defenders 2021). Våre samtalepartnarar i menneskerettsorganisasjonen Iraqi al-Amal Association i Bagdad fortalde om korleis deira utgreiingar om LHBTIQ-saker førte til negativ merksemd frå PMU-tilknytte aktørar. «Dei seier vi importerer vestleg kultur til Irak», delte dei (møte, mars 2022). Det er også verdt å merke seg at det ovannemnde lovforslaget som vart sendt til det kurdiske parlamentet i september 2022, mellom anna tar sikte på kneble aktivistar, eller «dei som anten gjennom handling eller tale fremjar eller oppfordrar til homoseksualitet» (sitert i Menmy 2022).

Denne typen press vil kunne resultere i sjølvensur blant sivilsamfunn og ikkje-statlege organisasjonar. Ein representant ifrå ein FN-tilknytt organisasjon i Erbil, fortalde at dei etter fleire åtvaringar frå lokalt hald hadde valt å skrinleggje eit prosjekt som skulle dokumentere æresrelatert vald, fordi dette også ville måtte involvere LHBTIQ-saker «og andre sensitive tema» (møte, april 2022).

Situasjonen for aktivistorganisasjonane som dagleg jobbar med LHBTIQ-rettar er naturlegvis også prekær. Desse er sjeldan registrerte som organisasjonar i Irak, og er typisk leidd frå utlandet av folk i eksil. Dette er tilfellet både med IraQueer, som er registrert i Sverige, og organisasjonen som Landinfo møtte i KRI, som på

liknande vis blir organisert frå eit europeisk land. Dette gir eit bilde av kor risikofyllt deira arbeid er.

Vår samtalepartner frå sistnemnde organisasjon understreka at det først og fremst var politiske og religiøse aktørar som gjorde arbeidet deira farleg, og at dei trass alt opplevde å ha noko gjennomslag hos ungdommen gjennom kampanjar på nett. «No snakkar folk om LHBT», fortalde dei. «Den yngre generasjonen frikar ikkje ut når dei høyrer ordet «gay,» men den politiske situasjonen øydelegg alt håp. Om vi har gjort noko som gjer konservative grupperingar skremd, betyr det at vi gjer noko riktig» (møte, mars 2022).

Skriftlege kjelder

- Al-Ali, Nadjé (2005). Reconstructing Gender: Iraqi Women between Dictatorship, War, Sanctions and Occupation. *Third World Quarterly*, 26(4/5), 739-758. Tilgjengelig fra <http://www.jstor.org/stable/3993718> [lastet ned 11. august 2022].
- al-Bawaba (2016, 18. august). الصدر بحث اتباعه على وقف العنف ضد المثليين [Sadr manar følgjarane sine til å stoppe valden mot dei homofile]. *al-Bawaba*. Tilgjengelig fra <https://www.albawaba.com/ar/874600-صدر-بحث-اتباعه-على-وقف-العنف-ضد-المثليين> [lastet ned 09. september 2022].
- al-Hadaf al-Akhbar (2020, 27. desember). "تهدد الكاظمي: لا تختبر صبرنا" كتائب حزب الله [Kata'ib Hezbollah trugar al-Kadhimi: Ikkje test vårt tolmød]. *al-Hadaf al-Akhbar*. Tilgjengelig fra <https://alhadafnews.com/15962/> [lastet ned 21. september 2022].
- al-Hajj, Nisar (2022, 8. juli). تحرك نيابي لتشريع قانون لحظر المثلية في العراق [Parlamentarisk rørsle for å lovfeste eit forbud mot homofili i Irak]. *Iraqi News Agency*. Tilgjengelig fra <https://www.ina.iq/160351--.html> [lastet ned 28. juli 2022].
- al-Iraq Net (2020, 4. april). نص فتوى الجهاد الكفائي 13 حزيران /يونيو 2014 [Manuskriptet til fatwaen "Den defansive jighaden" 13. juni 2014]. *al-Iraq Net*. Tilgjengelig fra <https://aliraqnet.net/-نص-13-حزيران-يونيو-2014-فتوى-الجهاد-الكفائي> [lastet ned 05. oktober 2022].
- al-Jawaheri, Yasmin Husein (2008). *Women in Iraq: The Gender Impact of International Sanctions*. London: I.B. Tauris.
- al-Omran, Faris (2019). Iran-backed militias facilitate drug trade in Iraq. *al-Mashreq*. Tilgjengelig fra https://almashreq.com/en_GB/articles/cnmi_am/features/2019/04/11/feature-01 [lastet ned 21. september 2021].
- al-Sa'd, 'Abdallah (2022, 27. mars). "مجتمع الميم-عين في العراق" ... ليس أمامنا سوى الهروب أو أن ننتظر قتلنا [LHBT+-miljøet i Irak...vi kan ikkje anna enn å rømme eller vente på å bli drepen]. *Raseef 22*. Artikkelen er ikke lenger tilgjengelig på nett [lastet ned 29. juni 2022].
- Ali, Zahra (2018). *Women and Gender in Iraq: Between Nation-Building and Fragmentation*. New York: Cambridge University Press.
- Amnesty International (2012). *Iraq: Investigate 'Emo' Attacks*. Tilgjengelig fra <https://www.amnesty.org/en/latest/press-release/2012/03/iraq-investigate-emo-attacks/> [lastet ned 2. september 2022].
- Bobseine, Haley (2019, 7. november). *Tribal Justice in a Fragile Iraq*. New York: The Century Foundation. Tilgjengelig fra <https://tcf.org/content/report/tribal-justice-fragile-iraq/> [lastet ned 10. august 2022].
- Bogaards, Matthijs (2019). Iraq's Constitution of 2005: The Case Against Consociationalism 'Light'. *Ethnopolitics*, 20(2), 186-202. Tilgjengelig fra <https://doi.org/10.1080/17449057.2019.1654200> [lastet ned 10. oktober 2022].
- The Danish Immigration Service & Landinfo (2018, november). *Kurdistan Region of Iraq: Women and men in honour-related conflicts*. København: The Danish Immigration Service & Landinfo. Tilgjengelig fra <https://www.refworld.org/pdfid/5beacadd4.pdf> [lastet ned 23. september 2022].

- Davison, John (2019, February 13.). Exclusive: Iran-backed groups corner Iraq's postwar scrap metal market - sources. *Reuters*. Tilgjengelig fra <https://www.reuters.com/article/us-iraq-militias-exclusive/exclusive-iran-backed-groups-corner-iraqs-postwar-scrap-metal-market-sources-idUSKCN1Q20R5> [lastet ned 14. september 2022].
- Dean, Laura (2016, 14. juni). Gay and From a Muslim Family in Iraq. *Lawfare*. Tilgjengelig fra <https://www.lawfareblog.com/gay-and-muslim-family-iraq> [lastet ned 23. september 2022].
- Dietrich, Luisa; Skakun, Zorica; Khaleel, Rohlat & Peute, Tim (2021, 31. August). *Social Norms Structuring Masculinities, Gender Roles, and Stereotypes: Iraqi men and boys' common misconceptions about women and girls' participation and empowerment*. Oxfam. Tilgjengelig fra <https://policy-practice.oxfam.org/resources/social-norms-structuring-masculinities-gender-roles-and-stereotypes-iraqi-men-a-621237/> [lastet ned 22. september 2022].
- Dodge, Toby & Mansour, Renad (2020). Sectarianization and De-sectarianization in the Struggle for Iraq's Political Field. *The Review of Faith & International Affairs*, 18(1), 58-69. Tilgjengelig fra <https://doi.org/10.1080/15570274.2020.1729513>.
- Fam, Mariam & Kullab, Samya (2022, 23. mars). Rights group denounces violence against LGBT people in Iraq. *AP*. Tilgjengelig fra <https://apnews.com/article/middle-east-religion-violence-iraq-baghdad-49f1491f19f583e76452bce62bba0edf> [lastet ned 21. september 2022].
- Fox, Tessa (2022, 26. mars). LGBTQ people in Iraq face violence by armed groups, police. *Aljazeera*. Tilgjengelig fra <https://www.aljazeera.com/news/2022/3/26/lgbt-people-in-iraq-face-violence-by-police-armed-groups> [lastet ned 31 august 2022].
- Frontline Defenders (2021, 30. juni). Judicial harassment against Rasan Organisation staff members including Director Tanya Darwish. *Frontline Defenders*. Tilgjengelig fra <https://www.frontlinedefenders.org/en/case/judicial-harassment-against-rasan-organisation-staff-members-including-director-tanya-darwish> [lastet ned 04. oktober 2022].
- Gotts, Isadora (2019, 27. mai). PMU economic offices undermine fragile stability in Mosul. *al-Monitor*. Tilgjengelig fra <https://www.al-monitor.com/originals/2019/05/iraq-economy-mosul-pmu.html> [lastet ned 14. september 2022].
- GPPI, dvs- Global Policy Insrtitute (2017, 13. september). Iraq after ISIL: Baiji. *GPPI*. Tilgjengelig fra <https://www.gppi.net/2017/09/13/iraq-after-isil-baiji> [lastet ned 14. september 2022].
- The Guardian (2022, 21. februar). Kurdish transgender woman shot by brother had been hiding from family. *The Guardian*. Tilgjengelig fra <https://www.theguardian.com/global-development/2022/feb/21/kurdish-transgender-woman-shot-by-brother-had-been-hiding-from-family> [lastet ned 4. oktober 2022].
- Haddad, Fanar (2020, oktober). *Iraq's Popular Mobilization Units: A Hybrid Actor in a Hybrid State* (Hybrid Conflict, Hybrid Peace: How Militias and Paramilitary Groups Shape Post-Conflict Transitions). United Nations University Press. Tilgjengelig fra https://www.academia.edu/42930481/Iraq_s_Popular_Mobilization_Units_A_Hybrid_Actor_in_a_Hybrid_State [lastet ned 16. august 2022].
- Hasan, Harith (2021). The Roots of the Sadrist Movement: Muhammad al-Sadr, Religious Authority, and Sociopolitical Practice. *The Middle East Journal*, 75, 365-385. <https://doi.org/10.3751/75.3.11> Tilgjengelig fra <https://www.ingentaconnect.com/content/mei/mei/2021/00000075/00000003/art00002>.
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2009, 17. august). *"They Want Us Exterminated.": Murder, Torture, Sexual Orientation and Gender in Iraq*. HRW. Tilgjengelig fra

- <https://www.hrw.org/report/2009/08/17/they-want-us-exterminated/murder-torture-sexual-orientation-and-gender-iraq> [lastet ned 11. oktober 2022].
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2020, 22. april). Iraq: Urgent Need for Domestic Violence Law. Tilgjengelig fra <https://www.hrw.org/news/2020/04/22/iraq-urgent-need-domestic-violence-law> [lastet ned 29. september 2022].
- HRW, dvs. Human Rights Watch & IraQueer (2022, 23. mars). "Everyone Wants Me Dead:" Killings, Abductions, Torture, and Sexual Violence Against LGBT People by Armed Groups in Iraq. New York: HRW, dvs. Human Rights Watch & IraQueer. Tilgjengelig fra <https://www.hrw.org/report/2022/03/23/everyone-wants-me-dead/killings-abductions-torture-and-sexual-violence-against> [lastet ned 19. august 2022].
- ICRC, dvs. International Committee of the Red Cross (1999, 14. desember). *Iraq: 1989-1999, a decade of sanctions*. Tilgjengelig fra <https://www.icrc.org/en/doc/resources/documents/report/57jqap.htm> [lastet ned 15. august 2022].
- Iraqi al-Amal Institution; Impunity watch & Pax (2020, 22. april). *Sexual and gender-based violence in Iraq 2003-2018: A mapping report*. Bagdad, Haag, Utrecht: Iraqi al-Amal Institution, Impunity watch & Pax. Tilgjengelig fra <https://reliefweb.int/report/iraq/sexual-and-gender-based-violence-iraq-2013-2018-mapping-report-enar> [lastet ned 11. august 2022].
- Iraqi penal code (1969). *Penal Code [Iraq], No. 111 of 1969*. Tilgjengelig fra <https://www.refworld.org/docid/452524304.html> [lastet ned 19. august 2022].
- IraQueer (2018). *Fighting for the Right to Live*. IraQueer. Tilgjengelig fra https://www.iraqueer.org/uploads/1/2/4/0/124034920/iraqueer_partner_baseline_study_2018.pdf [lastet ned 23. september 2022].
- Jabar, Faleh A. (2000). Shaykhs and Ideologues: Detribalization and Retribalization in Iraq, 1968-1998. *Middle East Report*, (215), 28-48. <https://doi.org/10.2307/1520152> Tilgjengelig fra <http://www.jstor.org/stable/1520152> [lastet ned 2022/08/11/].
- Karam, Salam (2017). Etno-sekterismen i Irak: En konsekvens av konstitusjonsskapandeprocessen? *Babylon - Nordisk tidsskrift for Midtøstenstudier*, (1), 22-37. <https://doi.org/https://doi.org/10.5617/ba.4816> [lastet ned 15. august 2022].
- Landinfo (2013, 17. januar). *Irak: Homofile situasjon i Nord-Irak*. Tilgjengelig fra https://landinfo.no/asset/2240/1/2240_1.pdf [lastet ned 18. september 2022].
- Landinfo (2022, 10. mars). *Irak: Ære og æresrelatert vold*. Oslo: Landinfo. Tilgjengelig fra <https://landinfo.no/wp-content/uploads/2022/03/Temanotat-Irak-AEre-og-aeresrelatert-vold-10032022-1.pdf> [lastet ned 10. august 2022].
- Macdonald, Alex (2022a, 6. september). Iraq: Activists condemn proposed law banning LGBTQ+ advocacy in Kurdish region. *Middle East Eye*. Tilgjengelig fra <https://www.middleeasteye.net/news/iraq-kurdish-region-banning-homosexuality-lgbt-activists-condemn> [lastet ned 18. september 2022].
- MacDonald, Alex (2022b, 9. juli). Iraq: Alarm over proposed law banning homosexuality. *Middle East Eye*. Tilgjengelig fra <https://www.middleeasteye.net/news/iraq-anti-lgbtq-law-raises-concerns-rights-group> [lastet ned 29. juli 2022].
- Mansour, Renad & Jabar, Faleh A. (2017, 28. april). The Popular Mobilization Forces and Iraq's Future. *Carnegie Middle East Center*. Tilgjengelig fra <https://carnegie-mec.org/2017/04/28/popular-mobilization-forces-and-iraq-s-future-pub->

[68810#:~:text=Immediately%20after%20the%20Iraqi%20army%E2%80%99s%20collapse%20in%20June.for%20the%20Popular%20Mobilization%20Forces%20%28Hay%E2%80%99at%20al-Hashd%20al-Shaabi%29.](#) [lastet ned 6. september 2022].

Marr, Phebe & al-Marashi, Ibrahim (2017). *The modern history of Iraq* (4. utg.).

Mehdi, Usama (2022, 23. mai). الله يدمرهم وإلا للتوبة بيوم فعلهم.. المتألمين جدري إنه: الصدر مقتدى. [Dette er "homokoppar"....dei har ein dag på å omvende seg eller Gud vil øydeleggje dei]. *Elaph*. Tilgjengelig fra <https://elaph.com/Web/News/2022/05/1475695.html> [lastet ned 10. oktober 2022].

Menmy, Dana Taib (2022, 8. september). Iraqi Kurdistan parliament considers ban on any 'promotion of homosexuality'. *The New Arab*. Tilgjengelig fra <https://english.alaraby.co.uk/news/kurdish-mps-considers-bill-ban-lgbtq-promotion> [lastet ned 5. oktober 2022].

Nigst, Lorenz & García, José Sánchez (2010). Boyāt in the Gulf: Identity, Contestation, and Social Control. *Middle East Critique*, 19(1), 5-34. Tilgjengelig fra <https://doi.org/10.1080/19436141003594542>.

OutRight International & IraQueer (2022, mars). *I need to be free: What It Means to be a Queer Woman in Today's Iraq*. New York: OutRight International & IraQueer. Tilgjengelig fra https://outrightinternational.org/sites/default/files/Iraq_EnglishLowRes.pdf [lastet ned 23. september 2022].

Rohde, Achim (2016). Gays, Cross-Dressers, and Emos: Nonnormative Masculinities in Militarized Iraq. *Journal of Middle East Women's Studies*, 12(3), 433-449. Tilgjengelig fra <https://doi.org/10.1215/15525864-3637642> [lastet ned 18. august 2022].

Sadr, Muqtada, @Mu_AISadr (2020, 17. mai). Twitter. Tilgjengelig fra https://mobile.twitter.com/Mu_AISadr/status/1262023358092316673 [lastet ned 10. oktober 2022].

Shafaq News (2021a, 29. oktober). Al-Sadr closes Saraya al-Salam headquarters in all but four governorates, "Goodwill initiative" and "lesson in politics" he says. *Shafaq News*. Tilgjengelig fra <https://shafaq.com/en/Iraq-News/Al-Sadr-closes-Saraya-al-Salam-headquarters-in-all-but-four-governorates-Goodwill-initiative-and-lesson-in-politics-he-says> [lastet ned 03. oktober 2022].

Shafaq News (2021b, 11. oktober). In his victory speech, al-Sadr pledges to exterminate militias: even those who pretend resistance. *Shafaq News*. Tilgjengelig fra <https://www.shafaq.com/en/Iraq-News/In-his-victory-speech-al-Sadr-pledges-to-exterminate-militias-even-those-who-pretend-resistance> [lastet ned 3. oktober 2022].

Sirwan, Dilan (2021, 2. april). Sulaimani's LGBT+ community 'terrified' after security forces launch crackdown. *Rudaw*. Tilgjengelig fra <https://www.rudaw.net/english/kurdistan/02042021> [lastet ned 29. august 2022].

Skelton, Mac & Saleem, Zmkan Ali (2021, Juli). *Living Among the Hashd: Relations Between Citizens and Security Actors in Five Iraqi Provinces*. Suleimaniyya: Institute of Regional & International Studies, University of Suleimaniyya. Tilgjengelig fra <https://auis.edu.krd/iris/publications/living-among-hashd-relations-between-citizens-and-security-actors-five-iraqi-provinces> [lastet ned 23. september 2022].

Tolino, Serena (2014). Homosexuality in the Middle East: an analysis of dominant and competitive discourses. <https://doi.org/10.5167/uzh-106872> [lastet ned 10. oktober 2022].

Yunis, Amine (2018, 29. januar). الفصل العشائري "بالعراق.. غرائب وتغول على القضاء" ("Klanforsoning" i Irak...ein raritet som utfordrar loven). *Aljazeera*. Tilgjengelig fra <https://www.aljazeera.net/knowledgegate/2018/1/29/الفصل-العشائري-بالعراق-غرائب-وتغول> [lastet ned 19. august 2022].

Aarseth, Mathilde Becker (2021). *Mosul under ISIS: Eyewitness accounts of life in the Islamic State*. London: I.B. Tauris.

Munnlege kjelder

Menneskerettsorganisasjon i KRI, intervju av Landinfo 26. februar 2020.

Baghdad Women Association, Landinfos intervju i Bagdad, 28. mars 2022.

Iraqi al-Amal Association, Landinfos intervju i Bagdad, 29. mars 2022

Kvinnerettsorganisasjon i Sulaymaniyya, Landinfos intervju i Sulaymaniyya, 30. mars 2022.

LHBTIQ-aktivist i KRI, Landinfos intervju i Sulaymaniyya, 30. mars 2022

Zmkan Saleem, direktør for Institute of Regional & International Studies på Det amerikanske universitetet i Sulaymaniya, Landinfos intervju i Sulaymaniyya, 31. mars 2022.

FN-tilknytt organisasjon i Erbil, Landinfos intervju i Erbil, 3. april 2022.

Norsk Folkehjelp i KRI, Landinfos intervju 4. april 2022.

Organisasjon som arbeider med å kjempe mot kjønnsrelatert vald, Landinfos intervju i KRI, 5. april 2022.

General directorate of combating violence against women, Landinfos intervju i Erbil, 6. april 2022.

Akademikar ved Det amerikanske universitetet i Sulaymaniyyah, Landinfos intervju i Sulaymaniyya, 6. april 2022.